



Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga

Jondal kommune  
5627 JONDAL  
Tlf. 53 66 95 20  
Faks 53 66 95 10  
e-post [post@jondal.kommune.no](mailto:post@jondal.kommune.no)  
[www.jondal.kommune.no](http://www.jondal.kommune.no)  
Org.nr 944 439 927  
Bank 3450.07.08206  
Sakshandsamar:  
E-post [sigrid-brattabo.handegard@jondal.kommune.no](mailto:sigrid-brattabo.handegard@jondal.kommune.no)  
Tlf. 53 66 95 24

*Dykkar ref.*  
2015/12737-1

*Vår ref.*  
15/179-5 /SBH/16/306

*Arkiv:*  
N - 561.6

*Dato*  
22.01.2016

### **Gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett prøveordning om utbygging etter forenkla standardar**

Viser til brev av 21.12.2015 med invitasjon til å delta i prøveordning om utbygging av gang og sykkelveggar med forenkla standard ift Statens vegvesen si handbok.

Jondal kommune ynskjer eit samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, som vegeigar , på bygging av ny gang og sykkelveg langs Fv 107 frå Jondal sentrum til Sætveithagen bustadfelt. Sjå kartvedlegg.

Det er ein betydeleg auke i trafikken etter opning av Jondalstunnelen. Særleg rundt tidspunkta for ferje ankomst/avgang er det trafikkfarleg å ferdast som syklist eller fotgjengar på denne strekninga. Vegen er og skuleveg og kommunen betalar ekstra skuleskyss fordi vegen er utrygg. Tiltaket er vidare prioritert på fyrsteplass i samferdselplan for Hardanger.

For Jondal kommune og dei som ferdast langs fv 107 Jondal sentrum-Sætveithagen er det svært viktig at det snarast mogeleg kjem på plass gang og sykkelveg på denne strekninga. Jondal kommune har difor løyvd pengar til utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket. Arbeidet er no i oppstarten med utarbeiding av ei enkel utgreiing over ulike trasealternativ .Sjå vedlegg.

Fleire av dei aktuelle trasealternativa vil mest truleg krevja disp. frå gjeldande standard både når det gjeld stigning og vegbreidd, men vil like fullt kunna vera tenleg som gang og sykkelveg og bidra til betre trafikktryggleik. Dei ulike alternative vil også ha ulik kostnad, som igjen kan ha betydning for realisering.

Vårt mål er; snarast råd, å få mest mogeleg trafikkikkerheit for pengane!

Dette prosjektet skulle såleis høve perfekt i tid og prosess for å verta prioritert inn i prøveordninga. Me håpar Hordaland fylkeskommune som vegeigar prioriterar dette prosjektet inn i prøveordninga om utbygging etter forenkla standard.

Med helsing

Jon Larsgard  
ordførar

Sigrid B. Handegard  
landsbylos